



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 73 L

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i valgloven
(personval ved stortingsval, frist for
godkjenning av førehandsstemmer mv.)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	5	For seint innkomne førehandsstemmer	16
2	Bakgrunnen og høyringane	5	5.1	Gjeldande rett	16
2.1	Bakgrunnen for dei ulike lovframlegga	5	5.2	Høyringsnotatet	16
2.2	Høyringane	6	5.3	Høyringsinstansane	17
			5.4	Vurderingar og framlegg frå departementet	18
3	Personval	9			
3.1	Gjeldande rett	9	6	Reglar for fritak ved kommune- styre- og fylkestingsval	19
3.2	Høyringsnotatet	10	6.1	Bakgrunn for lovframlegget	19
3.3	Høyringsinstansane	12	6.2	Vurderingar og framlegg frå departementet	19
3.4	Vurderingar og framlegg frå departementet	13			
4	Elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen	14	7	Økonomiske og administrative konsekvensar	19
4.1	Gjeldande rett	14			
4.2	Høyringsnotatet	14	8	Merknader til dei enkelte føresegnene	20
4.3	Høyringsinstansane	15			
4.4	Vurderingar og framlegg frå departementet	15		Forslag til lov om endringar i valgloven (personval ved stortingsval, frist for godkjenning av førehandsstemmer mv.)	23



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Prop. 73 L

(2015–2016)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i valgloven (personval ved stortingsval, frist for godkjenning av førehandsstemmer mv.)

*Tilråding frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 18. mars 2016,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet føreslår i denne proposisjonen endringar i lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valgloven).

Framlegga inneber blant anna at det blir innført nye reglar for personval ved stortingsval, som svarer til ordninga som allereie finst ved fylkestingsval. Departementet føreslår også å endre fristen for å godkjenne førehandsstemmer. Proposisjonen inneheld også framlegg om å innføre elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen som ei permanent, frivillig ordning for alle kommunar. Vidare blir det føreslått å presisere og forenkla reglane om retten til å krevje fritak frå å bli ført opp som kandidat på vallister ved kommunestyre- og fylkestingsval.

2 Bakgrunnen og høyringane

2.1 Bakgrunnen for dei ulike lovframlegga

2.1.1 Personval

Bakgrunnen for framlegget om å endre personvalreglane ved stortingsval er eit oppmødingsvedtak frå Stortinget av 14. juni 2012 (Dokument 8:191 (2009–2010), Innstilling 297 S (2011–2012)). Vedtaket lét slik:

Stortinget ber regjeringa utrede endringar av valgordninga for stortingsval slik at velgerne gis mulighet til å påvirke rekkefølgen av partienes kandidatar, samtidig som hensyn til partienes mulighet til å sikre innflytelse over hvilke kandidatar som velges, sikres. Stortinget ber om at en slik reform for stortingsval utredes slik at den eventuelt nye valgordninga kan innføres ved stortingsvalget i 2017.

Personval gjer det mogleg for veljarane å påverke kva kandidatar som blir valde frå den vallista dei stemmer på. Personval er eit kjent og mykje brukt høve ved lokalval. Ved stortingsval er den ordninga som gjeld, mindre kjend og brukt, og ho har heller ikkje påverka kva kandidatar som er blitt valde.

Departementet har greidd ut og drøfta ulike alternative ordningar for personval, blant anna ved å utlyse eit utgreiingsoppdrag for å vurdere moglege konsekvensar av å endre personvalreglane ved stortingsval. Våren 2014 leverte Institutt for samfunnsforskning (ISF) rapporten «Personvalg ved stortingsvalg – konsekvenser av en endring av personvalreglane ved stortingsvalg». Regjeringa meiner at veljarane bør ha eit reelt høve til å kunne påverke kva personar som blir valde som stortingsrepresentantar, slik at både nominasjonane i partia og personstemmene til veljarane bidreg til kandidatutveljinga ved stortingsval. Å inn-

føre den same personvalordninga som ved fylkestingsval inneber også at vi forenkler regelverket.

2.1.2 Elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen

Alle veljarar som har stemmerett ved valet, er førte inn i manntalet i ein kommune. Når veljarane stemmer, blir det kryssa av i manntalet, slik at veljaren ikkje får gjeve meir enn éi stemme. Denne avkryssinga er på valdagen blitt gjort i papirmanntal.

Formålet med å innføre elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen er at dette gjer det mogleg å avvikle valet meir effektivt på valdagen for veljarar og valfunksjonærar, både i vallokalet, under oppteljinga og ved valoppgjeret. Eit anna omsyn er at elektronisk avkryssing i manntalet mest sannsynleg reduserer talet på feilavkryssingar i manntalet, sidan funksjonærane i stor grad bruker strekkoden på valkortet til å søkje fram veljaren.

Ved å innføre elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen oppnår vi at alle stemmer, uavhengig av kva valkrets dei blir gjevne i, blir behandla på lik måte.

Innbyggjarane i Noreg i dag ventar at det offentlege tilbyr gode digitale tenester, også på valområdet. Departementet har utført tre forsøk med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen, og har fått svært gode tilbakemeldingar frå deltakar-kommunane. Valadministrasjonssystemet EVA har ein ferdig utvikla funksjon for dette. På bakgrunn av dette fremjar departementet framlegg om å innføre elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen som ei frivillig ordning for alle kommunar.

2.1.3 For seint innkomne førehandsstemmer

Departementet har ved tidlegare høve drøfta om det bør setjast i verk tiltak for å redusere talet på for seint innkomne førehandsstemmer. Departementet varsla seinast i Prop. 83 L (2014–2015) at det i samband med valet i 2015 kjem til å bli gjennomført undersøkingar for å kartleggje omfanget av for seint innkomne førehandsstemmer. Departementet varsla i same proposisjonen at når det blir innført eventuelle endringar i postlova som påverkar førehandsstemmegjevinga, vil departementet på nytt vurdere endringar i fristane før stortingsvalet i 2017.

Ny postlov blei vedteken av Stortinget i juni 2015 og tok til å gjelde 1. januar 2016. Ein konsekvens av denne lova er at Posten ikkje har leveringsplikt av post på laurdagar. Departementet vurderer det derfor slik at det er naudsynt å sjå på

eventuelle fristendringar, for å sikre at denne endringa ikkje fører til ein vesentleg auke i for seint innkomne førehandsstemmer ved stortingsvalet i 2017. Laurdagen før valdagen er svært viktig for å sende førehandsstemmer, sidan dette er den siste ordinære postdistribusjonsdagen før valdagen.

Departementet meiner at det er svært uheldig å avgrense høvet veljarane har til å stemme. Derfor føreslår departementet å flytte fristen for å godkjenne førehandsstemmer frå valdagen kl. 21 til tysdag etter valdagen kl. 17.

2.1.4 Reglar for fritak ved kommunestyre- og fylkestingsval

Reglane i vallova om retten til å krevje seg friteken frå å stå på valliste ved kommunestyreval og fylkestingsval blei endra på bakgrunn av Prop. 64 L (2010–2011). Denne endringa tok først til å verke ved lokalvalet i 2015.

Departementet har i samband med valet i 2015 fått førespurnader som tyder på at ordlyden i vallova § 3-4 (2) og (3) kan misforståast. Det blir sagt at det kan sjå ut til at teksten opnar for at ein som er vald, i visse tilfelle kan gjere fritaksgrunnar gjeldande etter at han eller ho er blitt vald. Departementet meiner derfor at lovteksten bør presiserast og forenklast.

2.2 Høyringane

I høyringsbrev av 17. september 2015 sende Kommunal- og moderniseringsdepartementet på høyring framlegget om å innføre personval ved stortingsval. Høyringsfristen blei sett til 17. desember 2015. Departementet har fått høyringssvar frå 61 instansar. Av desse var 17 utan merknader.

I høyringsbrev av 24. november 2015 sende Kommunal- og moderniseringsdepartementet på høyring framlegget om endringar i vallova. I høyringsnotatet gjorde også departementet greie for problemstillinga med for seint innkomne førehandsstemmer, og føreslo tre alternative løysingar for å møte denne utfordringa. Høyringsfristen blei sett til 25. januar 2016. Departementet har fått høyringssvar frå 63 instansar. Av desse var åtte utan merknader.

Høyringane blei sende til følgjande høyringsinstansar:

Departementa

Barneombodet

Brønnøysundregistra

Datatilsynet

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)	Posten Noreg AS
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	Aftenposten
Finanstilsynet	Akademikerne
Forbrukarombodet	Arbeidarpartiet
Forbrukarrådet	Arbeidsgiverforeningen Spekter
Foreldreutvalet for grunnopplæringa	Dagbladet
Fylkesmennene	Dagens Næringsliv
Helsedirektoratet	Delta
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)	Demokratane
Konkurransetilsynet	Den Norske Advokatforening
Likestillings- og diskrimineringsnemnda	Den Norske Dommerforening
Likestillings- og diskrimineringsombodet	Den norske Helsingforskomité
Medietilsynet	Den norske Revisorforening
Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)	Det Liberale Folkepartiet
Noregs Bank	Elevorganisasjonen
Noregs forskingsråd	EVRY
Norsk ressursbank for demokrati og menneske- rettar (NORDEM)	Fagforbundet
Riksarkivet	Faglig forum for formannskapssekretærer
Skattedirektoratet	Fellesforbundet
Statens helsetilsyn	Finansnæringens Hovedorganisasjon
Statens kartverk	Forbund for kommunal økonomiforvaltning og skatteinnfordring
Statens råd for likestilling av funksjonshemma	Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
Statens seniorråd	Framstegspartiet
Statistisk sentralbyrå (SSB)	Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)
Sysselmannen på Svalbard	Handels- og Servicenæringens Hoved- organisasjon
Tillitsmannsordninga i forsvaret (TMO)	Høgre
Utdanningsdirektoratet	Innvandrerne Landsorganisasjon (INLO)
Utlendingsdirektoratet	Institutt for samfunnsforskning (ISF)
Valdirektoratet	Kristeleg Folkeparti
Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU)	KS – Kommunesektorens organisasjon
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU)	Kystpartiet
Rokkansenteret	Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Universitetet i Agder	Landsrådet for Norges barne- og ungdoms- organisasjoner (LNU)
Universitetet i Bergen	Mediebedriftenes Landsforening
Universitetet i Oslo	Miljøpartiet Dei Grøne
Universitetet i Stavanger	MiRA-Senteret
Universitetet i Tromsø	Nasjonalforeningen for folkehelsen
Ombodsmannen for forsvaret	Noregs Kommunistiske Parti
Riksrevisjonen	Norges Blindforbund
Sametinget	Norges Handikapforbund
Sametingets ungdomspolitiske utval (SUPU)	Norges Juristforbund
Sivilombodsmannen	Norges Kommunerevisorforbund
Fylkeskommunane	Norsk design- og arkitektursenter
Kommunane	Norsk Forbund for Utviklingshemmede
Longyearbyen lokalstyre	Norsk Bolig- og Byplan-forening (Norsk BOBY)
Den norske kyrkja	Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR)
Likestillingssenteret	Norsk Journalistlag
Norsk rikskringkasting (NRK)	Norsk Pasientforening
	Norsk Pensjonistforbund
	Norsk Presseforbund
	Norsk Redaktørforening

Endringar i valgloven (personval ved stortingsval, frist for godkjenning av førehandsstemmer mv.)

Norsk Rådmannsforum
 Norsk studentorganisasjon
 Norsk sykepleierforbund
 Norsk Telegrambyrå (NTB)
 Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
 Partiet Dei Kristne
 Pensjonistpartiet
 Piratpartiet
 Raudt
 Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO)
 Samfunnspartiet
 Senterpartiet
 Sosialistisk Venstreparti
 Sparebankforeningen
 Tverrpolitisk Folkevalde
 TV2
 Unio
 Utdanningsforbundet
 Valgforum
 Venstre
 Verdens Gang (VG)
 Yrkesorganisasjonenes sentralforbund (YS)

Til høyringa om personval ved stortingsval har følgjande instansar kome med realitetsuttalar:

Fylkesmannen i Hedmark
 Fylkesmannen i Rogaland

Akershus fylkeskommune
 Buskerud fylkeskommune
 Nordland fylkeskommune
 Nord-Trøndelag fylkeskommune
 Oppland fylkeskommune
 Rogaland fylkeskommune
 Sør-Trøndelag fylkeskommune
 Telemark fylkeskommune
 Troms fylkeskommune
 Vest-Agder fylkeskommune
 Vestfold fylkeskommune
 Østfold fylkeskommune

Asker kommune
 Bergen kommune
 Bærum kommune
 Drammen kommune
 Dyrøy kommune
 Grue kommune
 Hamar kommune
 Hammerfest kommune
 Hjelmeland kommune
 Hobøl kommune
 Larvik kommune
 Lenvik kommune

Mandal kommune
 Nittedal kommune
 Oppegård kommune
 Oslo kommune
 Ringebu kommune
 Skedsmo kommune
 Sola kommune
 Trondheim kommune
 Træna kommune
 Vefsn kommune
 Ørland kommune
 Øvre Eiker kommune

Dommerforeningens fagutvalg for offentlig rett
 Fagforbundet
 Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU)
 Oslo Arbeiderparti
 Rødt Bergen

Kjetil Torgrim Homme

Følgjande instansar har uttalt at dei ikkje har merknader:

Arbeids- og sosialdepartementet
 Forsvarsdepartementet
 Helse- og omsorgsdepartementet
 Klima- og miljødepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Samferdselsdepartementet
 Utanriksdepartementet

Brønnøysundregistera
 Datatilsynet
 Foreldreutvalet for grunnsopplæringa
 Kyrkjerådet
 Skattedirektoratet
 Statens kartverk
 Statistisk sentralbyrå

Skjåk kommune

Fellesforbundet
 Landsorganisasjonen i Norge (LO)

Til høyringa om endringar i vallova har følgjande instansar kome med realitetsuttalar:

Justis- og beredskapsdepartementet
 Samferdselsdepartementet

Fylkesmannen i Hedmark
 Statens kartverk
 Statistisk sentralbyrå (SSB)

Akershus fylkeskommune
 Buskerud fylkeskommune
 Rogaland fylkeskommune
 Sør-Trøndelag fylkeskommune
 Telemark fylkeskommune
 Østfold fylkeskommune

Alta kommune
 Asker kommune
 Austrheim kommune
 Bærum kommune
 Fredrikstad kommune
 Gjerstad kommune
 Gran kommune
 Halden kommune
 Hattfjelldal kommune
 Horten kommune
 Hå kommune
 Kåfjord kommune
 Levanger kommune
 Lunner kommune
 Moss kommune
 Namsos kommune
 Nedre Eiker kommune
 Notodden
 Os kommune
 Oslo kommune
 Radøy kommune
 Rauma kommune
 Røyken kommune
 Sandnes kommune
 Sarpsborg kommune
 Stavanger kommune
 Stjørdal kommune
 Sør-Aurdal kommune
 Sørumsund kommune
 Tana kommune
 Tromsø kommune
 Trondheim kommune
 Træna kommune
 Tysnes kommune
 Vefsn kommune
 Ørskog kommune
 Øvre Eiker kommune
 Øyer kommune
 Ålesund kommune

Posten Noreg AS

Kommunenes Sentralforbund (KS)
 Noregs Kommunistiske Parti
 UNIO
 Valgforum

Følgjande instansar har uttalt at dei ikkje har merknader:

Arbeids- og sosialdepartementet
 Klima- og miljødepartementet
 Kunnskapsdepartementet
 Landbruks- og matdepartementet
 Utanriksdepartementet

Kyrkjerådet
 Noregs bank

Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU)

3 Personval

3.1 Gjeldande rett

3.1.1 Personval ved stortingsval

I vallova § 7-2 (1) heiter det at veljarane kan endre rekkjefølgja på kandidatane ved å setje eit nummer ved kandidatnamnet. Dette blir kalla renummerering. I tillegg kan veljarane stryke kandidatnamn ved å setje eit kryss i ruta til høgre for namnet på kandidaten. Utgangspunktet for ordninga er listene til partia, der kandidatane er rangerte. Høvet til å påverke kandidatvalet er likevel sterkt avgrensa: Skal personstemmene få effekt, må éin og same kandidaten få minimum halvparten av stemmetalet til partiet som personlege stemmer. Det har aldri skjedd.

3.1.2 Personval ved fylkestingsval

Av vallova § 7-2 (2) går det fram at veljarane ved fylkestingsval kan gje kandidatar på stemmesetelen éi personstemme. Veljarane kan gje slik personstemme til eit uavgrensa tal kandidatar på lista.

Ein kandidat må ha fått personstemmer frå minst åtte prosent av veljarane til partiet for at personstemmene skal telje med. Denne sperregrensa må altså passerast for at valoppgjeret skal ta omsyn til personstemmene. Dersom ingen passerer sperregrensa, blir det sett bort frå personstemmene, og den opphavlege rekkjefølgja på vallista avgjer kandidatutveljinga.

3.1.3 Personval ved kommunestyreval

Vallova § 7-2 (3) regulerer høvet veljarane har til å endre stemmesetlane ved kommunestyreval. Veljarane kan gje personstemme til eit uavgrensa tal

kandidatar på lista dei gjev stemma si til. Kvar kandidat kan berre få éi personstemme.

Veljarane kan også gje personstemme til kandidat på andre vallister, også kjend som *slengar*. Slik personstemme kan veljarane gje til maksimalt det talet på kandidatar som svarer til ein firedel av det talet medlemmer som skal veljast til kommunestyret i vedkommande kommune. Veljarane kan likevel gje slengarar til minimum fem kandidatar frå andre lister uavhengig av kor stort kommunestyret er.

Høvet partia har til å prioritere kandidatar, avgrensar likevel innverknaden til veljarane. Dette skjer ved at partia kan gje eit visst tal av dei øvste kandidatane eit *stemmetillegg*. Vallova avgrensar likevel kor mange kandidatar som kan få stemmetillegg, avhengig av talet på kommunestyrerepresentantar som skal veljast. Når ei liste får éi stemme, får kandidatar med stemmetillegg ei personstemme som tel 0,25 ekstra i kandidatkåringa.

3.2 Høyringsnotatet

3.2.1 Om personval

I høyringsnotatet gjorde departementet greie for dei prinsipielle omsyna i diskusjonen om personval. Departementet understreka målet om at valordninga skal sikre ein god balanse som tek hand om den innverknaden både veljarane og partia har på val av representantar til Stortinget.

Dagens personvalordning ved stortingsval gjev veljarane høve til å stryke kandidatar og endre rekkjefølgja på kandidatane. Ordninga er derimot forma ut slik at dersom endringane veljarane gjer skal få verknad, må over halvparten gjere den same endringa for dei same kandidatane. Slike listerettingar har derfor aldri hatt effekt på samansetjinga av Stortinget. Det er dei førehandsrangerte listene til partia som har avgjort kva kandidatar som blir valde inn. Med dagens personvalordning er det ikkje mogleg for veljarar å uttrykkje støtte til førstekandidaten på lista til eit parti. Veljarane kan berre renummerere nedover på lista eller stryke desse kandidatane.

Departementet trekte fram fleire faktorar som måtte avvegast i ei vurdering av personvalreglane: 1) sosial og geografisk representasjon, 2) effekten av personvalet på dei politiske styrkeforholda, 3) spørsmål om felles reglar for ulike typar val og 4) veljarinnverknad opp imot kontrollen til partia.

Personvalordningane ved kommuneval har brei og stabil oppslutning blant veljarane. Ved dei

siste vala har over 40 prosent av veljarane retta på stemmesetelen ved kommunestyreval, og fleire kandidatar har kome inn på bakgrunn av personstemmene. Ved fylkestingsval er derimot personvalordning vesentleg mindre brukt. Når veljarane har uttrykt personpreferanse, har stemmene som oftast gått til kandidatar som partia allereie hadde plassert øvst på listene.

3.2.2 Historikk

Reglane for personval ved stortingsval har vore uendra sidan 1921. Endringar av reglane er blitt føreslått ved tidlegare høve, og var ein sentral del av gjennomgangen og revisjonen som Vallovutvalet gjorde av vallova i 2001. Vallovutvalet konkluderte med at personvalreglane for alle dei tre vala burde endrast. Departementet viste i høyringsnotatet til tilrådinga om personval frå Vallovutvalet i NOU 2001: 3 *Velgere, valgordning, valgte*¹. Utvalet trekte fram at rammene for personval burde vere mest mogleg like i dei ulike typane val, at veljarpåverknaden burde aukast betydeleg, og at dei positive preferansane til veljarane skulle vere sentrale gjennom personvalet.

Som følgje av dette arbeidet blei det fremja framlegg om å endre personvalreglane for alle dei tre typane val for å gje veljarane meir innverknad. Endringane for kommunestyreval og fylkestingsval blei vedtekne, medan tilsvarande endringar for stortingsval ikkje blei vedtekne. Eit sentralt element i debattane i Stortinget har vore ønsket om meir kunnskap og erfaring om korleis endringar i ordninga kan slå ut.

Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) sitt kontor for demokrati og menneskerettar (ODHIR) kritiserte i valobservasjonsrapportane sine i etterkant av stortingsvala i 2009 og 2013 at den norske valordninga gav veljarane eit inntrykk av at dei kunne påverke, mens dei i realiteten ikkje kunne det. OSSE rådde til at Noreg endra reglane, anten ved å gje veljarane eit reelt høve til å påverke valet av ein bestemt kandidat ved stortingsval, eller ved å fjerne høvet til å rette på vallistene heilt.

Departementet har følgd opp rapportane frå OSSE og seier seg einig i at det kan oppfattast som eit demokratisk problem at det finst ei personvalordning ved stortingsval som er utan reell verdi.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2001-03/id143453/>

3.2.3 *Utgreiing om personval*

Som følgje av eit oppmodingsvedtak frå Stortinget 14. juni 2013 (Dokument 8:191 (2009–2010), Innstilling 297 S (2011–2012)) har departementet bede Institutt for samfunnsforskning (ISF) om å greie ut konsekvensane av eventuelle endringar i reglane for personval. Rapporten blei levert i 2014 og gjorde greie for tidlegare erfaringar med ulike personvalordningar, med særleg vekt på ordningane ved fylkestingsval og svenske riksdagsval. ISF har også søkt å rekne ut korleis tilsvarende ordningar kan slå ut for stortingsval.

Personvalordninga ser ikkje ut til å ha hatt nokon vesentleg effekt på kandidatutveljinga i dei tre fylkestingsvala der ho er brukt. Både i 2003, 2007 og 2011 er berre éin–to prosent av fylkestingsrepresentantane blitt valde inn på personstemmer aleine. Veljarane har i mindre grad uttrykt personpreferanse, og når det har skjedd, har stemmene som oftast gått til kandidatar som partia allereie hadde plassert øvst på listene. Personval er viktigare for kandidatføringa ved kommunestyreval enn ved fylkestings- og stortingsval. Det er fleire veljarar som rettar på listene, og det er fleire kandidatar som blir valde inn som følgje av personstemmer.

Simuleringane ISF har gjort, gjev eit hint om at personval ved stortingsval vil kunne bli viktigare ved stortingsval enn ved fylkestingsval, og at dei fleste partia vil kunne oppleve at kandidatar blir skifta ut. Dette kjem blant anna av at det er grunn til å tru at fleire veljarar vil gje personstemme ved stortingsval. Utgreiinga peiker på at all erfaring tilseier at veljarar som regel deler vurderingane til partia, og gjev personstemmer til dei som står øvst på lista. Dei peiker også på at partia vil tilpasse seg nye reglar og for eksempel vurdere å slutte å gje populære politikarar som ikkje lenger ønskjer å blir valde, ein «heidersplass» nedst på lista.

Vidare tyder simuleringane ISF har gjort, på at det å styrkje personvalet ved stortingsval ikkje fører til at kvinnerepresentasjonen blir redusert. Dette skil seg frå dei resultatane ISF har funne ved fylkestingsvala. Der har veljarane gjeve kvinnelige kandidatar noko færre personstemmer enn mannlige. Det kjem i stor grad av at veljarane helst stemmer på toppkandidatane på listene, som ofte er menn.

Rapporten viser også at ei sperregrense på åtte prosent er ein barriere mot at svært få veljarar kan få urimeleg stor innverknad.

ISF viser til ei undersøking der Rokkansenteret har sett på grunnane veljarane gjev for å gje

personstemmer ved både kommunestyreval og fylkestingsval i 2003 og 2007. Ho viser at veljarane i stor grad stemmer på kandidatar ut ifrå standpunktet deira i viktige politiske saker. Andre årsaker er den spesifikke kjennskapen veljarane har til kandidaten, eller den politiske erfaringa deira. Få veljarar gav opp sosiale faktorar som kjønn, alder eller etnisk bakgrunn som avgjerande for personstemmegivinga.

3.2.4 *Framlegget frå departementet*

Departementet peiker på at spørsmålet om større innslag av personval bør handle om den prinsipielle problemstillinga om veljarane bør få større innverknad på kven som blir valde til Stortinget. Departementet meiner at det er gode grunnar til å gje veljarane slik auka innverknad, og at vi kan sjå på dette som ei styrking av demokratiet. Departementet peiker på at Vallovutvalet gjorde ei grundig vurdering av spørsmålet og konkluderte med at veljarane bør få meir innverknad på kandidatvalet også ved stortingsval.

Data og erfaringar frå blant anna fylkestingsval og svenske riksdagsval har gjeve eit solid erfaringsgrunnlag, og departementet meiner at reglane no bør endrast, slik at veljarane får reell innverknad på kva personar som blir valde som stortingsrepresentantar. Samtidig ser departementet også at det er viktig å vareta det høvet partia skal ha til å prioritere eigne kandidatar.

I tilknytning til diskusjonar om representasjon av minoritetar, kvinner eller kandidatar frå bestemte geografiske område har det vore ein debatt om såkalla organiserte retteaksjonar. Det har vore ein liknande debatt om slengarar ved kommunestyreval. Det er likevel få eksempel på slik organisert mobilisering ved norske val.

I høyringsnotatet drøfta departementet tre alternative ordningar for personval ved stortingsval:

- ei ordning som svarer til den som finst ved norske fylkestingsval
- ei ordning som svarer til den som finst ved svenske riksdagsval
- ei ordning basert på ordninga ved fylkestingsval, men som gjer det mogleg for partia å gje stemmetillegg til enkelte kandidatar

Det blei lagt til grunn ei sperregrense på åtte prosent for dei to første alternativa. Det siste alternativet har inga fast sperregrense.

Etter ei samla vurdering føreslo departementet i høyringsnotatet at det ved stortingsval blir innført same personvalordninga som vi har ved fylkestingsval. Dette inneber at veljarane kan gje

kandidatar på stemmesetelen éi personstemme. Slik personstemme kan veljarane gje til eit uavgrensa tal kandidatar på lista.

Vidare føreslår departementet at ein føresetnad for at personstemmene skal få effekt, er at ein kandidat må ha fått personstemmer frå minst åtte prosent av veljarane til partiet. Dette inneber ei sperregrense på åtte prosent som må passerast for at valoppgjæret skal ta omsyn til personstemmene. Dersom ingen passerer denne sperregrensa, blir det sett bort frå personstemmene, og den opphavlege rekkjefølgja på vallista avgjer kandidatutveljinga. Framlegget inneber at veljarane ikkje lenger kan stryke eller renummerere kandidatar ved stortingsval.

Departementet la vekt på at denne ordninga allereie er i bruk ved fylkestingsval, og ho er dermed kjend for veljarane. Det inneber også ei vesentleg forenkling av regelverket og utforminga av stemmesetlar. Det har stor verdi at ordningane som blir brukte ved ulike val, er nokolunde like. Så lenge ikkje sterke demokratiske omsyn taler for noko anna, bør ein streve etter ei enkel og forståeleg valordning som er lett å kjenne att.

Departementet vurderte det slik at ei personvalordning der veljarane kan gje eit uavgrensa tal personstemmer, og med ei sperregrense på åtte prosent, representerer ein god balansegang mellom kontrollen til partia og innverknaden til veljarane. Veljarane får noko meir å seie når det gjeld kandidatutveljinga, noko som er formålet med å innføre ei personvalordning ved stortingsval. Samtidig beheld partia ein vesentleg del av kontrollen over kva kandidatar som blir valde. Ei sperregrense på åtte prosent er ein barriere mot at svært få veljarar kan få urimeleg stor innverknad.

3.3 Høyringsinstansane

Det har kome inn totalt 61 høyringssvar, av desse hadde 44 merknader. 36 av høyringsinstansane med merknader støttar framlegget frå departementet om å endre personvalreglane ved stortingsval, og åtte går imot.

25 kommunar har gjeve høyringssvar. 22 av desse støttar framlegget, to går imot og éin kommune har sendt blankt svar. *Hjelmeland, Oslo, Oppegård, Ørland, Nittedal, Mandal, Larvik, Sola, Ringebu, Skedsmo, Bærum, Hamar, Lenvik, Øvre Eiker, Asker, Bergen, Dyrøy, Drammen, Trondheim, Hammerfest, Vefsn og Hobøl kommunar* uttrykkjer at dei støttar framlegget frå departementet. *Træna og Grue kommunar* går imot framlegget.

Tolv fylkeskommunar har gjeve høyringssvar. Ti av dei støttar framlegget og to går imot. *Oppland, Akershus, Rogaland, Vest-Agder, Nord-Trøndelag, Vestfold, Troms, Nordland, Østfold og Buskerud fylkeskommunar* støttar framlegget frå departementet. *Sør-Trøndelag og Telemark fylkeskommunar* går imot framlegget.

To lokallag til politiske parti har gjeve høyringssvar, Oslo Arbeiderparti og Rødt Bergen. Begge lokallaga går imot framlegget.

Bærum kommune er representativ for mange av høyringsinstansane som støttar framlegget. Kommunen

delar den oppfatning at velgerne bør ha reell innflytelse på hvilke personer som velges som stortingsrepresentanter, og støtter derfor de foreslåtte endringene i personvalreglene ved stortingsvalg. Samtidig beholder partiene en vesentlig del av kontrollen over hvilke kandidater som blir valgt. Videre innebærer en sperregrense på åtte prosent en sterk barriere mot at svært få velgere kan få uforholdsmessig stor innflytelse. I praksis er det dermed liten grunn til å frykte organiserte retteaksjoner. Bærum kommune mener den foreslåtte sperregrensen balanserer viktige hensyn på en god måte, da den både sikrer velgerne muligheten til å påvirke rekkefølgen av partienes kandidater og ivaretar partienes mulighet til å sikre innflytelse over hvilke kandidater som velges.

Fylkesmannen i Rogaland meiner at framlegget frå departementet representerer ein god balansegang mellom kontrollen til partia og innverknaden til veljarane, og skriv:

Det er av demokratihensyn viktig at den enkelte velger får en reell og moderat innflytelse på personvalget også ved stortingsvalg. Det bør følges opp at de nye reglene får den til siktede virkning.

Fleire høyringsinstansar kommenterer at det å endre personvalreglane i tråd med framlegget frå departementet inneber at regelverket blir forenkla, og at det blir større samsvar mellom personvalreglane på tvers av dei ulike vala. *Hammerfest kommune* skriv:

Det vurderes (...) som positivt at det ved en lovendring vil være samsvar mellom kommune-, fylkes- og Stortingsvalg. Dette vil bidra til et mindre komplekst og mer brukervennlig valgssystem.

LNU – Norges barne- og ungdomsorganisasjoner er positiv til framlegget og meiner at listerettingane som veljarane gjer, kan gje fleire unge folkevalde enn det som har vore resultatet av nominasjonane i partia. LNU ber også om at det blir sett av naudsynte midlar til informasjon om valet, slik at dei nye reglane blir kjende.

Sør-Trøndelag fylkeskommune går imot framlegget, og er uroleg for moglege uheldige effektar av personval:

Sør-Trøndelag fylkeskommune ser at dette kan få uheldige konsekvenser og vil spesielt peke på forhold til geografi, kjønn og «kjendisfaktor». Kandidatar fra befolkningstunge områder vil for eksempel kunne få større antall personstemmer og forrykke listene på bekostning av befolkningssvake områder i fylkene. Økende personfokus og kampanjer i sosiale medier kan svekke helheten som ivaretas knyttet til representasjon i partienes nominasjonsprosesser, ved at et lite mindretall av listens velgere kan endre rekkefølgen.

Fagforbundet viser til at meininga med nominasjonsprosessane i partia er å sikre representasjonsomsyn, og ønskjer derfor ikkje å endre personvalreglane.

Oslo Arbeiderparti støttar den føreslåtte endringa om å endre § 7-2 til at veljaren kan gje kandidatar på stemmesetelen éi personstemme. Oslo Arbeiderparti støttar ikkje framlegget om å endre § 11-5 første ledd. Partiet ønskjer eit deltakande demokrati gjennom partidemokratiet, og vil derfor halde på lovregelen om kandidatføringa slik han står i dag.

Rødt Bergen støttar endringa som er føreslått om å gje veljarane større innverknad på personval ved val til Stortinget. Partiet er derimot uroleg for om veljarane forstår ordninga fullt ut, og at ho kan verke mot formålet. Partiet understrekar at veljaren som støttar førstekandidaten, kan misforstå ordninga og la vere å gje personen ei personstemme, noko som kjem til å ramme førstekandidatar som ikkje er velkjende. Partiet peiker på at dette særleg kan skje parti som har nominert ei mindre kjend kvinne som førstekandidat. Ho kan dermed bli erstatta av ein velkjend mannleg representant. Partiet uttaler at dersom ordninga blir innført, må ho følgjast opp med eit omfattande informasjonsopplegg, slik at folk forstår korleis dei faktisk skal få gje uttrykk for vala sine.

3.4 Vurderingar og framlegg frå departementet

Departementet noterer seg at eit stort fleirtal av høyringsinstansane støttar framlegget om å endre personvalreglane ved stortingsval. Departementet ser at det ikkje er kome inn nye moment i diskusjonen i høyringsrunden. Høyringsinstansane som er mot ei endring, legg i stor grad vekt på at partia allereie sikrar ein god representasjon. Høyringssvara tek også opp at ordninga kan føre til at kjende kandidatar tener meir på ordninga enn ukjende. Dette er legitime argument, men departementet vurderer det slik at fordelane med å gje veljarane auka innverknad veg opp for det. Erfaringar frå tilsvarende ordningar ved fylkestingsval i Noreg og riksdagsval i Sverige er at veljarane i stor grad deler preferansane til partia, og at det er dei øvste kandidatane som får flest personstemmer.

Departementet vurderer det slik at ein moderat veljarinnverknad over kva kandidatar som blir valde inn, gjev ein meir gunstig balanse mellom partikontroll og veljarmakt. Dei fleste veljarane legg størst vekt på partia og dei store politiske sakene når dei stemmer. Partimedlemskapen og nominasjonsprosessane i partia er, og vil framleis vere, sentrale demokratiske arenaer. Samtidig er det færre veljarar enn tidlegare som er engasjerte i partia, og det er dermed færre som tek del i kandidatutveljinga ved stortingsval.

Personvalreglane ved stortingsval har vore uendra sidan 1921. Departementet meiner at spørsmålet no er godt nok greidd ut og drøfta. Vi viser her til utgreiinga som er gjennomført av Institutt for samfunnsforskning (ISF), som viser at veljarane får noko meir å seie når det gjeld kandidatutveljinga, noko som er formålet med å innføre personvalordning ved stortingsval. Samtidig held partia på ein vesentleg del av kontrollen over kva kandidatar som blir valde.

Departementet meiner at det er formålstenleg med ei sperregrense på åtte prosent. Det gjev ein barriere mot at eit mindretal veljarar skal få urimeleg stor påverknad. Denne sperregrensa er eit godt verkemiddel mot organiserte retteaksjonar, og sikrar at partia får halde på ein stor grad av innverknad. Departementet vil sjå til at den nye personvalordninga blir evaluert, slik at effektane av endringane blir analyserte.

Når valordninga blir endra, er det viktig med godt tilpassa informasjon til veljarane. Departementet vil vere særleg merksam på dette ved ei eventuell lovendring. Det blir i dag nytta tre ulike personvalordningar ved norske val, og veljarane

kan gje preferansar på fleire måtar. Den ordninga som er føreslått, inneber ei vesentleg forenkling for veljarane. Det blir enklare for veljarane å forstå korleis dei kan rette, og kva effekt rettingane får. Endringa gjer også utforminga av stemmesetlar meir einsarta, og ho følgjer såleis opp kommentaren fullmaktskomiteen har hatt til utforminga av stemmesetlane.

Departementet meiner at oppmodingsvedtaket frå Stortinget omtalt i kapittel 2.1.1 er følgt opp, og at høyringsrunden har gjeve eit klart mandat for å gå inn for å endre personvalreglane ved stortingsval. Departementet held på bakgrunn av dette fast ved framlegget i høyringsnotatet om å innføre tilsvarande personvalordning ved stortingsval som i dag blir nytta ved fylkestingsval.

4 Elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen

4.1 Gjeldande rett

Kommunestyret, eller valstyret etter delegasjon, avgjer kor mange stemmekretsar kommunen skal delast inn i, jf. vallova § 9-3 (1). Framgangsmåten for stemmegjeving på valtinget går fram av vallova § 9-5. Av § 9-5 (2) går det fram at stemmestyret skal krysse av i manntalet ved namnet til veljaren. Vidare går det fram av § 9-5 (3) at veljaren sjølv etter at stemmesetelen er stempla, skal leggje setelen i urna. Kwart enkelt stemmestyre har berre tilgang til manntalet for eigen valkrets.

Veljarar som ikkje er førte inn i den gjeldande delen av manntalet, skal ikkje leggje stemmesetelen i urna, jf. § 9-5 (4) i lova og § 31 i valforskrifta. Dette blir kalla framande stemmer. Vidare går det fram at veljaren sjølv skal leggje stemmesetelen i ein stemmesetelkonvolutt etter at setelen er stempla, og så gje han til stemmestyret. Stemmestyret legg stemmesetelkonvolutten i ein omslagskonvolutt, såkalla særskilt omslag, limer han att og fører namnet, bustadadressa og fødselsdatoen til veljaren på omslaget. Denne stemmegjevinga skal godkjennast av valstyret på eit seinare tidspunkt, jf. vallova § 10-2.

4.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet gjorde departementet greie for rutinen med å krysse av elektronisk i manntalet under førehandsstemmegjevinga for veljarar som gjev førehandsstemme i eigen kommune. Rutinen blei innført i forkant av stortingsvalet 2013. I samband med endringa blei det innført ein bered-

skapsregel i vallova § 8-4 (3). Formålet med å innføre elektronisk avkryssing i manntalet under førehandsstemmegjevinga var todelt. For det første var det ønskeleg med ein prosedyre som i tilstrekkeleg grad tek vare på prinsippet om hemmelege val. For det andre meinte departementet at prosedyrar der eit stort tal førehandsstemmer blei lagde i konvolutt, var omstendeleg og burde forenklast.

I høyringsnotatet foreslo departementet å innføre elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen og forenkla framgangsmåte for å ta imot framande stemmer som ei permanent, frivillig ordning for alle kommunar. Departementet understreka at kommunar som vel å bruke elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen, forpliktar seg til å leggje til rette for dette i alle vallokala i kommunen. Kommunane må rekne med auka behov for IKT-kompetanse i førebuingane til og gjennomføringa av valet. Departementet kom også med framlegg om ein beredskapsrutine som skal setjast i verk i tilfelle straumbrot eller kommunikasjonsbrot mot manntalet.

Formålet med å innføre elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen er at dette effektiviserer valavviklinga på valdagen for veljarar og valfunksjonærar, både i vallokalet, under oppteljinga og ved valoppgjeret. Eit anna omsyn er at elektronisk avkryssing i manntalet mest sannsynleg reduserer talet på feilavkryssingar i manntalet, sidan valfunksjonærane i stor grad bruker strekkoden på valkortet til å søkje fram veljaren.

Departementet understreka også at å endre framgangsmåten til at konvolutten blir fjerna for veljarar som høyrer til andre valkretsar i kommunen, fører til at veljarane opplever valhandlinga som meir einsarta. Denne framgangsmåten sikrar også i større grad hemmeleg val, eit svært viktig prinsipp for tilliten til valg gjennomføringa.

Vidare la departementet vekt på kor viktig redundans er i kvart vallokale, og kor viktig det er å ha ein god beredskapsrutine som kan setjast i verk dersom det oppstår kommunikasjons- eller straumbrot på valdagen. Elektronisk avkryssing på valdagen inneber ein viss risiko. Departementet føreslår derfor å innføre same beredskapsrutine som under førehandsstemmegjevinga, der stemma frå veljaren blir lagd i ein stemmesetelkonvolutt, som igjen blir lagd i ein oransje beredskapskonvolutt saman med valkortet til veljaren. Stemmene blir kontrollerte og kryssa av i manntalet i ettertid.

Ein konsekvens av ordninga er at stemmesetlar frå veljarar som er manntalsførte i kvar enkelt valkrets, blir talde saman med stemmesetlar frå

veljarar som er manntalsførte i andre valkretsar i kommunen, sidan dei blir lagde i same urna. Dette gjer at den kretsvisе rapporteringa av dei opptalde stemmesetlane viser resultat frå veljarar som høyrer til ulike kretsar. Det elektroniske manntalet vil derimot vise kor mange veljarar som møter fram i kvar enkelt valkrets. Det blir dermed mogleg å rapportere på fram møte i kvar enkelt valkrets basert på kryss i manntalet.

I høyringsnotatet omtalte departementet forsøka med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen som er blitt gjennomførte ved dei tre siste vala. Under kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015 tok 27 kommunar del, noko som omfatta om lag 1,7 millionar røysteføre. Departementet viser til evalueringar av forsøka, der kommunane gav tilbagemeldingar om at forsøka var tids- og ressurskrevjande, og at dei kravde meir IKT-kompetanse enn ved tidlegare val. Det blei også meldt at arbeidet i førebuingssfasen til valet var ressurskrevjande. Samtidig konkluderte alle dei deltakande kommunane med at ekstra kostnader og innsats er verd det når resultatet blir ei meir effektiv avvikling i vallokalet, færre feil og raskare oppteljing. Ingen av kommunane som tok del i forsøket, ønskjer å gå tilbake til avkryssing i eit papirmanntal.

4.3 Høyringsinstansane

Det er kome inn totalt 63 høyringssvar, av desse hadde 55 merknader. Alle høyringsinstansane støttar framlegget frå departementet, eller dei har ingen merknader til framlegget.

Hå kommune er representativ for fleire av kommunane som har svart på høyringa, ved at kommunen stiller seg svært positiv til framlegget og meiner at det forenkler og effektiviserer rutine i kommunen.

Sarpsborg kommune tok del i forsøket i 2015, støttar framlegget og opplyser at kommunen fekk udelt positive tilbagemeldingar frå veljarane. Kommunen trekkjer også fram at det er råd å flytte ressursar frå avkryssing til rettleiing av veljarar.

Vefsn kommune tok del i forsøket i 2015, støttar framlegget, men legg til at kommunane sjølve bør få vurdere redundans i vallokalet. Kommunen meiner også at det ikkje bør lovfestast at eventuelle beredskapsstemmer komme inn på søndagen skal behandlast same kvelden.

Os kommune er positiv til framlegget, men understrekar at departementet og/eller Valdirektoratet må følgje opp og støtte kommunar som vel å halde på papirmanntalet.

Østfold fylkeskommune understrekar at det er viktig at kommunane ikkje vurderer å slå saman

valkretsar med bakgrunn i innføring av elektronisk avkryssing i manntalet, sidan prinsippet om tilgang til eit vallokale i nærområdet er eit viktig prinsipp.

Halden kommune støttar framlegget, understrekar at krava til naudsynt teknisk utstyr må vere realistiske og tilpassa behovet til kommunar av ulik storleik.

Sandnes kommune støttar også framlegget, men understrekar at departementet må sjå til at EVA har kapasitet til å tole den ekstra børa ei utviding fører med seg, og føreset at det blir gjennomført stresstestar før valet. Kommunen ønskjer også at valkorta informerer om at veljarane kan stemme i kva vallokale som helst i kommunen på valdagen.

Justis- og beredskapsdepartementet tilrår at det blir gjeve ein forskriftsheimel i ny § 9-5a om behandling av stemmesetlar frå veljarar som alleie er kryssa av i manntalet.

4.4 Vurderingar og framlegg frå departementet

På bakgrunn av dei gjennomgåande positive tilbagemeldingane frå både forsøkskommunane og høyringsinstansane, foreslår departementet at elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen og forenkla framgangsmåte for mottak av framande stemmer blir innført som ei frivillig ordning for kommunane. Kommunar som ønskjer å nytte elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen, må leggje til rette for dette i alle vallokala i kommunen. Vidare må kommunar som nyttar denne ordninga, rekne med at valførebuingane kan bli meir ressurskrevjande, og at det særleg kjem til å vere behov for IKT-kompetanse. På bakgrunn av dette meiner departementet at det er formålstenleg at ordninga er frivillig for kommunane.

Departementet understrekar at det er viktig at kommunane som vel å nytte ordninga, er ansvarlege for å setje seg inn i risikoen knytt til elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Kommunen må sjølv ta initiativ til risikoreduserande tiltak.

Framlegget inneber at det blir lovfesta ein beredskapsrutine som blir sett i verk ved straumbrot eller kommunikasjonsbrot mot manntalet. Lovregelen fører til at veljaren ikkje kan leggje stemmesetelen rett i urna, og at det blir nytta eit eige beredskapsomslag. Vidare blir det foreslått at det er valstyret som skal kontrollere og godkjenne slike beredskapsstemmer. I kommunar med todagersval må eventuelle beredskapsstemmer som er komne inn på søndag, behandlast og kryssast av i

det elektroniske manntalet før vallokala opnar på måndag. Dette medverkar til at manntalet er oppdatert når vallokala opnar måndag.

Som ein av høyringsinstansane trekkjer fram, meiner departementet at det er eit viktig prinsipp at veljarane skal ha tilgang til vallokale i nærområdet sitt. Kommunar bør ikkje slå saman valkretsar berre som ei direkte følgje av at det blir innført elektronisk avkryssing i manntalet, sjølv om den nye rutinen kjem til å forenkle og effektivisere valhandlinga. Kommunane må framleis ta vare på prinsippet om godt tilgjenge ved val.

Kommunane vil sjølve vere ansvarlege for å setje opp konfigurasjonen for elektronisk avkryssing i manntalet. Departementet vil informere kommunane om rutinar og fristen for dette i god tid før valet i 2017.

5 For seint innkomne førehandsstemmer

5.1 Gjeldande rett

Veljarar kan førehandsstemme i alle kommunane i landet. Det følgjer av vallova § 8-1 (2) at førehandsstemmegjevinga innanriks skal avsluttast fredag før valdagen. Det er ikkje gjeve opp noko klokkeslett. Førehandsstemmer som skal godkjennast og telje med i valoppgjeret, må vere komne inn til valstyret seinast valdagen kl. 21. Stemmer som kjem etter denne fristen, skal forkastast, jf. vallova § 10-1 bokstav g.

Ei innskjerping av valforskrifta i juni 2015 seier i § 27 (8) at førehandsstemmer komne inn dei siste to vekene av førehandsstemmeperioden skal sendast vidare til heimkommunen til veljaren kvar dag for å sikre at flest mogleg førehandsstemmer kjem fram innan fristen kl. 21 på valdagen. Ved framsendinga av omslagskonvoluttane skal det brukast sendingskonvoluttar.

Det er vidare eit krav at førehandsstemmegjevinga skal sendast som A-post eller på raskare måte, jf. valforskrifta § 27 (9). Det er veljaren sjølv som er ansvarleg for å gje førehandsstemme på eit tidspunkt som gjer at førehandsstemmegjevinga kjem inn til valstyret innan valdagen kl. 21, jf. vallova § 8-1 (3).

Veljarar som oppheld seg i utlandet, kan førehandsstemme på norske utanriksstasjonar og hos stemmemottakarar oppnemnde av departementet. Utanriks stemmegjeving skal avsluttast nest siste fredag før valdagen, jf. vallova § 8-1 (2). Det er ikkje sett nokon frist for når utanriksstemmene seinast skal sendast heimkommunen til veljaren.

Departementet har likevel gjeve ut ein rettleiar for stemmemottakarar ved førehandsstemmegjeving utanriks.

5.2 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet la departementet fram problemstillinga om førehandsstemmer som er komne inn for seint, og viste til at temaet har vore drøfta og behandla i Stortinget fleire gonger. Departementet gjorde greie for erfaringane frå kommunistyre- og fylkestingsvalet 2015, som viste at dei aller fleste kommunane har følgd den nye forskriftsfesta rutinen med å sende førehandsstemmer som A-post i eigen sendingskonvolutt kvar dag dei to siste vekene i førehandsstemmeperioden. Undersøkingar etter valet viste at talet på for seint innkomne førehandsstemmer var vesentleg lågare enn ved føregåande val.

Departementet viste deretter til at problemstillinga er endra sidan den førre drøftinga, ved at ei ny postlov som frittek Posten frå leveringsplikta på laurdagar, er vedteken. Ei slik endring påverkar sendinga av førehandsstemmer direkte, sidan førehandsstemmer som kjem inn etter innleveringsfristen fredag før valdagen, blir liggjande til måndag før dei blir sende ut.

Departementet bad om innspel frå høyringsinstansane på kva tiltak som eventuelt skal setjast i verk for å sikre at talet på for seint innkomne førehandsstemmer held seg på eit så lågt nivå som mogleg, også etter endringane i postlova. Departementet la fram tre alternativ for vurdering.

Alternativ 1 er å flytte den lovfesta fristen for når veljaren kan gje førehandsstemme frå fredag før valdagen til torsdag før valdagen. Framlegget inneber at stemmer som ikkje blir leverte etter dei fristane Posten har, på torsdag, kan sendast vidare på fredag og framleis rekke å vere hos mottakar-kommunen på valdagen. Ei slik fristendring vil likevel avgrense høvet veljaren har til å gje stemme. Departementet la i høyringsnotatet vekt på at det er grunn til å vere noko varsam med å endre ein frist som grip direkte inn i høvet veljaren har til å ta del i valet.

Alternativ 2 er å endre den lovfesta fristen for å godkjenne førehandsstemmer. I dag må ei førehandsstemme vere komen inn til kommunen som veljaren er manntalsført i, kl. 21 på valdagen for å kunne bli godkjend og telje med i valoppgjeret. Framlegget inneber å endre denne fristen for godkjenning til for eksempel tysdag kl. 17. Dette gjer at stemmer som blir sende vidare på valdagen, kan nå fram til rett kommune innan fristen på tys-

dag. Endringa inneber at det endelege valoppgjeret blir forseinka med nokre timar.

Alternativ 3 er å ikkje endre fristane for å gje eller godkjenne førehandsstemmer. Dersom det ikkje blir gjort endringar i vallova, må ein eventuelt bruke unntaksregelen i postlova § 12. Dette inneber å inngå ein avtale med ein tilbydar om å levere post også på laurdagen før valdagen, med dei kostnadene dette fører til for valorganet. Departementet understreka i høyringsnotatet at ei slik løysing har praktiske og operative utfordringar. Dette er for eksempel logistikkutfordringar for kommune og tilbydar.

5.3 Høyringsinstansane

Det er kome inn til saman 63 høyringssvar, 55 av desse hadde merknader. 21 høyringsinstansar støttar alternativet om å flytte fristen for veljaren til å gje førehandsstemme frå fredag før valdagen til torsdag før valdagen. Åtte høyringsinstansar støttar framlegget om å flytte fristen for godkjenning av førehandsstemmer til tysdag etter valdagen. 17 høyringsinstansar ønskjer ikkje lovendingar og rår til at departementet får ein avtale med Posten om unntak for laurdagslevering.

Horten kommune er imot å framskude fristen for å gje førehandsstemme til torsdag, og understreker at

det er mye viktigere å sikre folks mulighet til å stemme, enn å rapportere endelig valgresultat raskere enn dagens praksis.

Vefsn kommune er også imot at fristen for å gje førehandsstemme blir endra, og trekkjer fram at svært mange veljarar gjev stemme fredag før valdagen. *Sandnes kommune* meiner også at omsynet til veljaren er viktigast, og er uroa for at ein stor del av veljarane deira kjem til å miste høvet til å stemme.

Halden kommune synest alternativet om å flytte fristen for godkjenning til tysdag er betre enn å flytte fristen for å gje førehandsstemme. Kommunen legg, som fleire andre, vekt på at dette er dagen der flest veljarar førehandsstemmer. Dei trekkjer fram at det kan bli reist kritikk ved valresultatet frå valkvelden i situasjonar der det er snakk om små marginar, men meiner at det ikkje kjem svært mange førehandsstemmer på tysdagen, og at alternativet likevel er det beste verkemiddelet for å sikre eit så rett valresultat som råd med færrest mogleg ikkje naudsynt forkasta stemmer.

Akershus fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune og Fylkesmannen i Hedmark rår også til å flytte fristen for godkjenning til tysdag.

Os kommune seier seg einig i at dette er det beste alternativet, sidan det tek omsyn til lengre postgang utan å avgrense høvet veljaren har til stemme. Kommunen ber om at fylkeskommunane ved eventuell fristending må ta omsyn til det forseinka valoppgjeret når dei set fristar for å levere stemmesetlar for kontrollteljing.

Sarpsborg kommune uttaler at sjølv om ikkje alternativet er optimalt, er det alternativ 2 som gjev minst endringar for veljarane, og rår derfor til å innføre dette.

Moss kommune peiker på at alternativet fører til noko meirarbeid for kvart enkelt valstyre, men at høvet veljarane skal ha til å stemme, må vege tyngre enn negative konsekvensar for valstyra.

Bærum kommune argumenterer mot å flytte fristane og seier at

endringen medfører en uønsket pause i opptellingen og en forsinkelse av det endelige valoppgjøret i påvente av forhåndsstemmer som er på vei i posten.

Alta, Tromsø, Rauma, Sør-Aurdal, Sørum, Tana, Fredrikstad, Øyer, Gran, Ørskog, Gjerstad, Røyken, Kåffjord, Austrheim, Øvre Eiker, Træna, Notodden og Hå kommunar og også *Buskerud og Østfold fylkeskommunar* meiner det beste alternativet er å flytte fristen for å førehandsstemme til torsdag.

Gran kommune trekkjer i denne samanhengen fram at høva til å førehandsstemme er svært gode i dag.

Asker, Bærum, Namsos, Levanger, Stjørdal, Lunner, Hattfjelldal, Sandnes, Tysnes, Trondheim og Oslo kommunar, Rogaland fylkeskommune og også *KS og UNIO* støttar alternativet om å ikkje endre fristane og heller nytte høvet til å inngå ein eigen avtale om å levere post den aktuelle laurdagen. Kommunane føreset at kostnadene ikkje blir lagde på kvar enkelt kommune.

Hå kommune meiner derimot at det å basere seg på unntak frå postlova som ein fast framtidrutine er lite framtidretta.

Stavanger kommune, Telemark fylkeskommune og Valgforum ser ikkje behovet for å endre fristar så lenge det ifølgje vallova er veljaren som sjølv er ansvarleg for at førehandsstemmegjevinga kjem inn til valstyret innan kl. 21 på valdagen.

Nedre Eiker ønskjer å halde på dei noverande fristane og viser til at informasjonstiltak kan vere eit verkemiddel for å informere veljarane om kor viktig det er å stemme tidsnok.

Posten Noreg rår frå at unntaksreglane i postlova § 12 blir nytta for å sikre postdistribusjon av førehandsstemmer ein enkeltstående laurdag før valdagen. Dei viser til høyringssvaret sitt til postlova, der dei meiner at det for leveringspliktig tilbydar er fleire hovudutfordringar: Dei viser til at det må etablerast eit omfattande driftsapparat for eit svært avgrensa sendingsvolum, og at ei slik løysing blir svært ressurskrevjande, både for leveringspliktig tilbydar og eksterne samarbeidspartnarar. Faren for avvik og kvalitetsbrester kjem til å auke betydeleg. Posten understrekar vidare at det kjem til å vere svært kostbart å etablere eit dedikert driftsapparat ein ekstra dag som skal ha som formål å formidle førehandsstemmer i samband med val.

Posten rår derfor til å utvide tidsvindauget mellom siste frist for å førehandsstemme og fristen for å godkjenne slike stemmer med minst ein dag, og helst to–tre dagar. Posten understrekar også at det finst konkrete planar for å leggje om brevtene i Posten til ein felles brevstraum med to dagars framsendingstid i løpet av 2017, noko som også er eit argument for å utvide tidsvindauget før valet i 2017. Som eit alternativ rår Posten til at elektroniske løysingar for sending av førehandsstemmer mellom kommunane kan takast i bruk, eventuelt supplert med fysiske ekspresstenester.

5.4 Vurderingar og framlegg frå departementet

Det er vesentleg å sikre at ei stemme som er gjeven innanfor fristen, tel med i valoppgjeret. For å hindre at talet på for seint innkomne førehandsstemmer aukar som følgje av at post ikkje lenger skal leverast på laurdagar, meiner departementet det er viktig at tidsrommet for å levere førehandsstemmer blir utvida.

Det å sikre godt tilgjenge for veljarane til å kunne stemme er sentralt for arbeidet med val, både hos statleg styringsorgan og kommunar.

Det å endre fristen for å førehandsstemme grip direkte inn i det høvet veljarane har til deltaking. Fristen har vore uendra sidan 1997, og departementet vurderer det som lite ønskjeleg å endre denne til ulempe for veljaren. Tidlegare erfaringar viser at det å endre fristar kan føre til klager og negativ merksemd etter valet. Dette var blant anna tilfelle i 2003, då ein del vallokale stengde ein time tidlegare og fleire veljarar ikkje fekk stemt. Det tek tid for veljarar å venje seg til nye reglar, og vi må rekne med ein del uro i dei første vala.

Eit stort tal førehandsstemmer blir gjevne den siste opningsdagen i førehandsstemmeperioden.

På landsbasis kom det inn om lag 107 000 førehandsstemmer på den aktuelle fredagen ved stortingsvalet i 2013 og om lag 75 500 førehandsstemmer fredag før valdagen i 2015. Det svarer til rundt tolv prosent av dei som førehandsstemmer ved ulike val.

Ved å flytte fristen for å godkjenne resultatet til tysdag etter valdagen, blir det endelege valoppgjeret klart på eit noko seinare tidspunkt. Departementet meiner at eit raskt og korrekt valresultat er viktig, men meiner samtidig at omsynet til det høvet veljaren skal ha til å stemme, veg tyngre. God resultatrapportering av dei førebelse opteljingane kjem dessutan til å bidra til at vi framleis kjem til å ha ein god indikasjon på det endelege resultatet omtrent på same tidspunkt som i dag.

For å sikre at førehandsstemmer som er gjevne innanfor fastsette fristar, skal telje med i valoppgjeret, fremjar departementet framlegg om å flytte tidspunktet for å godkjenne førehandsstemmer frå valdagen kl. 21 til tysdag etter valdagen kl. 17. Som ein konsekvens av framlegget fremjar departementet også framlegg om å flytte fristen for å søkje seg ført inn i manntalet frå valdagen kl. 21 til tysdag etter valdagen kl. 17.

Det følgjer av høyringsuttalen frå Posten at det kan bli aktuelt å innføre ein felles brevstraum med to dagars framsendingstid av all brevpost i 2017. Dersom dette blir innført før stortingsvalet blir halde i september 2017, vil det kunne føre til ytterlegare utfordringar med å levere førehandsstemmer. Vårt framlegg til endring av frist for å godkjenne førehandsstemmer, vil etter departementet si vurdering ta omsyn til at det framleis er to kvardagar til å bringe fram førehandsstemmer per post etter at vallokala er stengde fredag kveld. Før lokalvalet i 2015 blei det satt i verk ei rekkje rutineendringar for sending av førehandsstemmer, som har ført til at talet på for seint innkomne førehandsstemmer har gått ned samanlikna med 2013. Desse tiltaka vil også halde fram. Om det er behov vil departementet ta initiativ til å greie ut om det finst aktuelle ekspresstenester i marknaden som gir eit godt tenestetilbod. Det finst ikkje elektroniske løysingar som ivaretar prinsippet om hemmeleg val.

Dei utfordringane Posten peiker på, ønskjer departementet å leggje til rette for å løysa på best mogleg måte. Departementet vil difor i god tid før valet ta initiativ til ein prosess som finn gode løysingar, enten i marknaden gjennom ein anbudsrunde, eller i samarbeid med Posten. Det er viktig at ein tilbydar har tilstrekkeleg tid til å førebu levering. Departementet vil også sjå på meir langsiktige løysingar fram mot valet i 2019.

6 Reglar for fritak ved kommunestyre- og fylkestingsval

6.1 Bakgrunn for lovframlegget

Når det gjeld retten til å krevje seg fritaken frå å stå på valliste ved kommunestyreval og fylkestingsval, var ordlyden i vallova § 3-4 (1) tidlegare:

(1) Rett til å krevje seg fritatt fra valg til fylkesting eller kommunestyre har

- a) den som har gjort tjeneste som medlem av henholdsvis fylkestinget eller kommunestyret de siste fire år,*
- b) den som har rett til fritak etter andre lover,*
- c) den som er ført opp som kandidat på et listeforslag som er satt frem av noen andre enn et registrert politisk parti vedkommende er medlem av, og*
- d) den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet vil kunne skjøtte sine plikter i vervet.*

Ved lov av 13. mai 2011 (i kraft 1. januar 2012) ble lovregelen endra og fekk følgjande ordlyd:

«Rett til å krevje seg fritatt fra valg til fylkesting og kommunestyre har den som avgir skriftlig erklæring om at vedkommende ikke ønsker å stille til valg på den aktuelle valglisten.»

Samtidig blei fritaksgrunnane som var spesifikt nemnde i lova, oppheva som overflødige. Lovendringa inneber ein generell rett til å krevje fritak frå å stille til val til kommunestyre og fylkesting. Det er ikkje naudsynt med noka grunngjeving for kravet. Det som blir kravd, er ei skriftleg erklæring, med eigenhendig underskrift, frå den som vil bli fritaken. Erklæringa må setjast fram for rette valorgan innan den fristen organet fastset.

Spørsmålet er om ein kan nekte å ta imot valet dersom ein kan vise til ein fritaksgrunn.

Vallova § 3-4 (2) og (3) lyder:

(2) Kandidater som er satt opp på listeforslag må søke om fritak innen den frist fylkesvalgstyret eller valgstyret setter, ellers tapes retten til å strykes fra listeforslaget. Den som har fritaksgrunn, men som unnlater å påberope seg retten til fritak fra å stå på liste, kan ikke påberope seg dette forhold som fritaksgrunn etter å ha blitt valgt.

(3) En valgt representant eller vararepresentant som ikke plikter å motta valget, må sende skriftlig melding om valget mottas eller ikke, innen tre dager etter å ha mottatt melding om valget. Ellers anses valget mottatt.

6.2 Vurderingar og framlegg frå departementet

Intensjonen med lovendringa frå 2011 var å gjere det mogleg for personar å nekte å stå på valliste, utan at dei måtte gje opp ein fritaksgrunn. Lovendringa inneber ei avgrensing i ombodsplikta, som er eit sentralt prinsipp i norsk rett på dette området. Lovendringa blei kombinert med ei viss innskjerping i høvet til å kunne krevje fritak etter at ein var blitt vald. Dette følgjer av nr. 2 andre punktum.

Nr. 3 i paragrafen blei ikkje endra i 2011. Dette kan gje inntrykk av at det framleis er mogleg å nekte å ta imot val ved å vise til ein fritaksgrunn, sjølv om ein ikkje har kravd å bli stroken av listeframlegget. Eit slikt inntrykk vil ikkje vere i samsvar med føresetnaden som ligg til grunn for endringa av § 3-4 (1).

Departementet meiner at lovteksten i § 3-4 bør presiserast og forenklast for å klargjere den rettslege realiteten. Det bør gå klart fram at den som lét vere å krevje seg fritaken innan den fristen valstyret set, ikkje kan nekte å ta imot val.

Vallova §§ 11-11 og 11-13 fastset at fylkesvalstyret og valstyret skal «underrette de valgte representantene og vararepresentantene om valget og opplyse om retten til å søke om fritak fra valg.»

Sidan vi vurderer det slik at retten til å søkje om fritak frå val etter at ein har blitt vald har falle bort, føreslår departementet at plikta valorganet har til å opplyse om retten til å søkje om fritak frå val, bør opphevast.

Få høyringsinstansar har uttalt seg om å endre vallova § 3-4. Av dei som har kommentert framlegget, støttar alle ei slik presisering av lovregelen.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegget til endringar i personvalordninga ved stortingsval har ikkje betydelege økonomiske eller administrative konsekvensar. I det elektroniske valadministrasjonssystemet (EVA) må det utviklast ei løysing for å telje opp personstemmer ved stortingsval. Det ligg likevel føre ei slik løysing for fylkestingsval, som kan vere grunnlag for å utvikle ei tilsvarande løysing for stortingsval. Framlegget inneber at personvalordningane ved dei ulike vala blir forenkla. Dette gjer regelverket meir brukarvennleg og tilgjengeleg for både veljarar, politiske parti og valmedarbeidarar.

Det følgjer av prinsippa i vallova for å telje opp stemmer ved stortingsval at kommunen først tel opp stemmene i ei førebels og ei endeleg teljing. Stemmene blir deretter overleverte til fylkeskommunen, som gjennomfører ei kontrollteljing og registrerer rettingar som veljaren har gjort på stemmesetelen. Dette inneber at det endelege resultatet av personvalet ved stortingsval først er klart når fylkeskommunane har gjort ferdig opp- teljinga si. Departementet vil sjå nærare på korleis dette kan rapporterast på ein mest mogleg formålstenleg måte.

Det å innføre elektronisk avkryssing i manntalet påfører kommunane meirkostnader. Desse kostnadene er i hovudsak knytte til innkjøp av naudsynt hardware og infrastruktur, og også til å dekkje meirarbeid i førebuingssfasen.

Ei forskyving av fristen for å godkjenne føre- handsstemmene vil kunne påføre kvart enkelt val- styre noko meir arbeid, men det har elles ingen vesentlege økonomiske eller administrative kost- nader. Valstyra vil sannsynlegvis måtte ta ein pause i oppteljinga mens dei ventar på førehands- stemmer som er på veg i posten.

8 Merknader til dei enkelte føresegnene

Til § 2-7 (3)

Dei som bur i utlandet og er registrerte med opp- hald i utlandet i meir enn ti år, kan søkje om å bli førte inn i manntalet. Vi føreslår å forskyve fristen frå valdagen kl. 21 til dagen etter valdagen kl. 17.

Dette har samanheng med at vi føreslår å for- skyve fristen for når førehandsstemmegjevinga må vere komen inn for å kunne godkjennast, til- svarande. Dei to fristane heng nøye saman.

Til § 3-4 (2) og (3)

Framlegga fører til at lovteksten blir presisert og forenkla for å klargjere den rettslege realiteten som følgjer av lovendringane av 2011, der lov- reglane om nærare oppgjevne fritaksgrunnar blei oppheva. Likevel blei ikkje reglane om retten til å krevje å bli fritaken etter at ein kandidat er vald, endra tilsvarende, slik at det kan sjå ut som om kandidaten har ein fritaksrett, sjølv om han eller ho ikkje har kravd å bli stroken av eit listefram- legg.

Framlegga her inneber at den som lét vere å krevje å bli stroken av eit listeframlegg til kommu- nestyreval og fylkestingsval innan den fristen val-

styret eller fylkesvalstyret set, ikkje kan krevje fri- tak med heimel i vallova etter å ha blitt vald.

Til § 7-2 (1)

Vi føreslår at veljarane skal ha dei same høva til å gjere endringar på stemmesetlane ved stortings- val som det som gjeld ved fylkestingsval. Veljarane kan gje ei personstemme til kandidatane ved å setje eit merke ved kandidatnamnet. Samtidig fell høvet til å stryke namn og nummerere om kandidat- rekkefølga bort. Dersom veljaren har gjort slike endringar, fører ikkje det til at stemmesetelen skal forkastast. Ein skal sjå bort frå endringane ved oppteljing og valoppgjær.

Til § 8-1 (3)

Framlegget er ein konsekvens av framlegget om å forskyve fristen for når førehandsstemmegjevinga må vere komen inn til valstyret.

Til § 9-5 a

Paragrafen er ny og regulerer korleis stemmegje- vinga og oppteljinga skal gjennomførast dersom kommunen vedtek å nytte ei ordning med elektro- nisk avkryssing i manntalet.

Til nr. 1:

Kommunen kan vedta å ta i bruk ei ordning med elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Ordninga vil vere frivillig for kommunen. Dersom kommunen vedtek å ta i bruk ordninga, må ho gjennomførast i alle stemmelokala i kommunen.

Ved ei ordning med elektronisk avkryssing i manntalet gjeld reglane om stemmegjeving i vallo- kalet på valdagen, med unntak av reglane om kor- leis stemmegjevingar frå veljarar som er manntals- førte i andre delar av manntalet («framande stem- mer»), skal behandlast.

Dette inneber at prosedyrane i vallova skal føl- gjast når det gjeld

- retten veljarane har til å stemme etter kvart som dei møter fram
- plikta veljarane har til å legitimere seg dersom dei er ukjende for stemmemottakaren
- kravet om at veljarane i einarom og usett bret- tar saman stemmesetelen, leverer han til stem- memottakaren for stempling og sjølv legg stemmesetelen ned i urna
- retten veljarane har til naudsynt hjelp når dei har behov for det
- forsegling av urner

Til nr. 2:

Stemmestyret skal krysse av i manntalet for alle med stemmerett i kommunen, uansett om dei er førte inn i den gjeldande delen av manntalet.

Til nr. 3:

Det gjeld ingen særlege reglar for stemmegjevingar frå veljarar som ikkje er manntalsførte i den gjeldande delen av manntalet. Når stemmesetelen er stempla, skal veljaren leggje han ned i urna. Alle stemmesetlar som ligg i urna, skal teljast opp samla, uavhengig av om veljaren er manntalsført i den gjeldande delen av manntalet eller ikkje. Dette fordi det ikkje vil vere mogleg å fordele dei stemmesetlane som ligg i urna, til dei ulike delane av manntalet. Avkryssinga i manntalet vil likevel vise veljaroppslutninga i dei ulike kretsane i kommunen.

Til nr. 4:

Det skal fastsetjast beredskapsrutinar som skal setjast i verk dersom det oppstår straumbrot eller kommunikasjonsbrot mot manntalet i ein kommune som har teke i bruk elektronisk avkryssing. Veljarar som stemmer i periodar med straumbrot, kan ikkje leggje stemmesetelen i urna. Slike stemmer skal behandlast som beredskapsstemmer. Veljaren skal leggje stemmesetelen, etter at han er stempla, i ein stemmesetelkonvolutt. Deretter skal stemmesetelen leggjast saman med valkortet i ein beredskapskonvolutt. Valstyret skal kontrollere og godkjenne beredskapsstemmene. Dersom kommunen har todagarsval, må eventuelle beredskapsstemmer som er komne inn på søndag, behandlast og kryssast av i det elektroniske manntalet før vallokala opnar på måndag.

Til § 10-1 (1) bokstav g

Vi føreslår at førehandsstemmegjevingane må vere komne inn til valstyret innan kl. 17 dagen etter valdagen for at dei skal kunne godkjennast.

Framlegget inneber at fristen blir forskoven frå kl. 21 på valdagen.

Til § 11-5 (1)

Framlegget inneber at veljarane får høve til å påverke personvalet ved stortingsval.

Vi føreslår – som ved fylkestingsval – at kandidatane må oppnå eit tal på personstemmer som svarer til minst åtte prosent av stemmetalet til lista for at personstemmene kan få noko å seie for kandidatføringa. Dersom fleire kandidatane får meir enn åtte prosent, skal dei rangerast etter talet på personstemmer. Dette kan vi illustrere med følgjande eksempel:

Ei liste får vald tre representantar til Stortinget. Dei tre øvste kandidatane på lista får følgjande tal personstemmer – i prosent av stemmetalet til lista:

Kandidat A, som er nr. 1, får 8 prosent

Kandidat B, som er nr. 2, får 9 prosent

Kandidat C, som er nr. 3, får 10 prosent

Ved valoppgjeret blir rekkjefølgja slik:

1. Kandidat C

2. Kandidat B

3. Kandidat A

Til § 11-11

Framlegget inneber at den plikta fylkesvalstyret har til å varsle dei valde representantane og vararepresentantane om retten til å krevje seg fritakne, blir oppheva. Dette heng saman med at vallova ikkje lenger har reglar om rett til fritak etter at ein representant er blitt vald.

Til § 11-13

Framlegget inneber at den plikta valstyret har til å varsle dei valde representantane og vararepresentantane om retten til å krevje seg fritakne, blir oppheva. Dette heng saman med at vallova ikkje lenger har reglar om rett til fritak etter at ein representant er blitt vald.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i valgloven (personval ved stortingsval, frist for godkjenning av førehandsstemmer mv.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i valgloven (personval ved stortingsval, frist for godkjenning av førehandsstemmer mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i valgloven (personval ved stortingsval, frist for godkjenning av førehandsstemmer mv.)

I

I lov 28. juni 2002 nr. 57 om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre blir det gjort følgende endringer:

§ 2-7 tredje ledd skal lyde:

(3) Valgstyret skal sørge for at *en* stemmeberettiget som er bosatt i utlandet, og som ikke har vært folkeregisterført som bosatt i Norge noen gang i løpet av de siste *ti* årene før valgdagen, føres inn i manntallet i kommunen, dersom vedkommende søker om innføring innen kl. 17 dagen etter valgdagen.

§ 3-4 andre og tredje ledd skal lyde:

(2) *Erklæring som nevnt i nr. 1 må settes frem innen den frist fylkesvalgstyret eller valgstyret setter, ellers tapes retten til å strykes fra listeforslaget.*

(3) *Den som unnlater å kreve seg fritatt fra å stå på liste, kan ikke nekte å motta valg.*

§ 7-2 skal lyde:

§ 7-2 *Endringer på stemmeseddelen*

(1) Velgeren kan ved *stortingsvalg*, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg gi kandidater på stemmeseddelen én personstemme. Dette gjøres ved å sette et merke ved kandidatens navn.

(2) Velgeren kan ved kommunestyrevalg også gi en personstemme til kandidater på andre valglistene. Dette gjøres ved å føre disse kandidatnavnene opp på stemmeseddelen. Slik personstemme kan gis til et antall kandidater som tilsvarer en fjerdedel av det antall medlemmer som skal velges til kommunestyret. Uavhengig av kommunestyrets størrelse kan det likevel alltid gis personstemme til minimum fem kandidater fra andre lister. Når velgeren gir personstemme til valgberede kandidater på andre lister, overføres et tilsvarende antall listestemmer til den eller de listene disse kandidatene står oppført på.

(3) Andre endringer på stemmeseddelen teller ikke med ved valgoppgjøret.

§ 8-1 tredje ledd skal lyde:

(3) Velgeren er selv ansvarlig for å avgi førehandsstemme på et tidspunkt som gjør at førehandsstemmegivningen kommer inn til valgstyret innen kl. 17 dagen etter valgdagen.

Ny § 9-5 a skal lyde:

Elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen

(1) *Kommunene kan selv vedta å ta i bruk en ordning med elektronisk avkryssing i manntallet. § 9-5 fjerde ledd gjelder da ikke.*

(2) *Dersom det er tatt i bruk elektronisk avkryssing etter første ledd, skal stemmestyret krysse av i det elektroniske manntallet både for velgere som er manntallsført i vedkommende krets, og for velgere som er manntallsført i andre kretser i kommunen.*

(3) *Ved bruk av elektronisk avkryssing skal velgere som ikke er innført i manntallet i den kretsen stemmen avgis, levere stemmeseddelen til stemmestyret, som stempler den med offisielt stempel. Velgeren legger selv stemmeseddelen ned i en urne. Stemmesedler fra velgere som er manntallsført i annen krets enn der stemmene er avgitt, skal telles opp i den kretsen stemmene er avgitt.*

(4) *Ved strøbrudd eller kommunikasjonsbrudd mot manntallet i en kommune hvor elektronisk avkryssing er tatt i bruk, skal senere avgitte stemmesedler ikke legges i urnen. Slike stemmesedler skal behandles som beredskapsstemmer. Etter at stemmeseddelen er stemplet, skal velgeren selv legge den i en stemmeseddelkonvolutt og lime konvolutten igjen. Stemmestemmer skal legges i stemmeseddelkonvolutten i en beredskapskonvolutt sammen med valgkortet. I kommuner med todagersvalg, skal eventuelle beredskapsstemmer mottatt på søndag behandles og krysses av i det elektroniske manntallet før valglokalene åpner på mandag.*

§ 10-1 første ledd bokstav g skal lyde:

g) stemmegivningen er kommet inn til valgstyret innen kl. 17 dagen etter valgdagen.

§ 11-5 første ledd skal lyde:

(1) Når det er avgjort hvor mange distriktsmandater en valgliste skal ha, fordeler fylkesvalgstyret *representantplassene* til kandidatene på listen. Kandidater som ikke er valgbare, settes ut av betraktning. *Kandidater på listen som har oppnådd et personlig stemmetall på minst åtte prosent av listens stemmetall, kåres i rekkefølge etter antall mottatte personlige stemmer. Øvrige kandidater kåres på grunnlag av deres rekkefølge på listen.* Opptellingene fortsetter på samme måte inntil alle de representantplassene listen skal ha, er besatt. Oppnår flere kandidater samme resultat, er den opprinnelige rekkefølgen på listen avgjørende.

§ 11-11 skal lyde:

§ 11-11 *Underretning til de valgte fylkestingsrepresentantene*

Fylkesvalgstyret skal underrette de valgte representantene og vararepresentantene om *valget*.

§ 11-13 skal lyde:

§ 11-13 *Underretning til de valgte kommunestyrerepresentantene*

Valgstyret skal underrette de valgte representantene og vararepresentantene om *valget*.

II

Lova tek til å gjelde straks.

